

I den lyriske stafetten vil vi at kolleger skal dele stemninger, tanker og assosiasjoner rundt et dikt som har betydd noe for dem, enten i arbeidet eller i livet ellers. Den som skriver får i oppdrag å utfordre en etterfølger. Slik kan mange kolleger få anledning til å ytre seg i lyrikkspalten.

Velkommen og lykke till! 🌿 Tove Rutle – lagleder

SHALOM

Det rastlause i livet

Lyrikk er den skjønnlitterære sjangeren som eg kjenner meg mest heime i. Ordknapp og meiningstett. Kan vera lang. Kan vera kort, og såleis passa godt til det rastlause i livet. Lyrikken gir også stort rom for tolkingar. Det gjer teksten slitesterk. Forståinga av innhaldet blir fort ein spegel av mitt eige liv.

Utfordringa frå Petter Øgar og *Utposten* kom for to månader sidan. Eg har vakla mellom ulike dikt og diktarar. Det er så mykje lyrikk som har betydd og framleis betyr mykje for meg. Ein diktar kjem eg likevel ikkje forbi. Det er Kolbein Falkeid. Han er fødd i 1933, og kom ut med den nyaste boka si seinast i haust.

Han kan det med å skriva korte tekstar. Mange av dei gir slitesterke bilete på levd liv. Dei vekslar også ofte mellom det nære og det fjerne, det kjende og det ukjende, det trygge og det uvisse.

Eg har vald ut to korte dikt. Begge handlar om døden. Dette er dikt om eg har i dagboka mi. Som leiar og som lærar har det hendt at eg på særskilt kort varsel har måtta seia nokre ord i samband med meir eller mindre venta dødsfall. Då har det vore godt å ha dei der.

Døden

Snakket alltid hebraisk før
Den var utenlandsk, uforståelig
og skremmende
for en heimføding

Nå gnåler den
som en valgtaler

Jeg finner nok frem

Døden er ikke så skremmende som før.
Folk jeg var glad i
har gått foran og kvistet løype.
De var skogskarer og fjellvante.
Jeg finner nok frem.

Begge dikta er trykte i *Samlede dikt*.
Falkeid, Kolbein. Oslo: Cappelen, 2003

Eg utfordra Eivind Meland, men han var så tidsaktuell at han tok etappen før meg. Så utfordret han Esperanza Diaz.

Med vennleg helsing
GEIR SVERRE BRAUT